



Under årsmøtet i april i fjor vart dette biletet teke. Frå venstre sit Sigurd Myklebust (leiar i valnemnda), leiar i laget Harald Erdal, styremedlem Øystein Koløy, hamnevert Leon Gundersen, styremedlem Terje Rød og styremedlem Christian Stensletten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter mange år som leiar takkar Harald Erdal no for seg i Uskedal Båtlag og valnemnda kjem med forslag om at han blir erstatta av Frode Ludviksen, opplyser nemndleiar Sigurd Myklebust til uskedalen.no. Leiarskiftet skjer under årsmøtet på Stemneplassen tysdag kveld.

Det vil også bli tre andre utskiftningar i styret. Øystein Koløy er ikkje på val før om eitt år. Terje Rød går ut og blir føreslege erstatta av Leif Jarle Bergstø. Christian Stensletten går også ut og valnemnda kjem med forslag om at Rolf Myklebust blir valt inn i staden.

Johan Sunde er den fjerde som har meldt at han ikkje tek attval, men her har det ennå ikkje lukkast å finna nokon erstattar fordi vedkommande også er tiltenkt kasserarvervet. Det fristar tydelegvis svært få, men Myklebust har slett ikkje gjeve opp å finna ei løysing. Uskedal Båtlag har til no ikkje hatt varamedlemmer til styret, men dette kjem opp som eigen sak under årsmøtet.

Båtlaget har i den seinare tid vore prega av stormkast både inne og ute, men både leiaren i valnemnda og andre som står laget nær har sterk tru på at det no går inn i eit smulare farvatn i dobbelt forstand. Det omfattande reparasjonsarbeidet som måtte til etter stormen i januar i fjor er i hvert fall gjennomført på ein god måte, blir det understreka. Fleire i båtlaget som uskedalen.no har hatt kontakt med har også registrert med glede at utkastet til reguleringsplan endeleg er klart og at det ikkje går lagets interesser for nær.

På arbeidsprogrammet for dette året står som tradisjonen tilseier dans i hamna og den er beramma til 28. juni.

Av Ola Matti Mathisen